

Konkrete tiltak

Bømloteateret og Bømlo Musikallaug er samde om at ein slik strategiplan ikkje kan gjennomførast utan at dei to laga vert ei eining. Her fylgjer ein framdriftsplan for førebuing til dette.

Ein felles organisasjon kan tidlegast vera i drift 1. september 2010.

2008

- Utkastet til strategiplan vert oversendt og handsama i dei to styra

2009

Vår

- Halda felles styremøte 23. februar for å drøfta strategiplanen, og vidare handsaming
- Presentera planen for Formannskapet 10. mars
- Gjennomføra felles pressekonferanse 10. mars
- Markera samarbeidet gjennom å vera vertskap i kvarandre sine produksjonar
- Gjensidig invitera til bruk av kvarandre sine ressursar i produksjonar gjennom året

Haust

- Utarbeida statuttar for eininga
- Drøfta ein langsiktig samarbeidsavtale med Bømlo kommune og Hordaland Fylke
- Starta utarbeiding av skisse til aktivitetar i scenemiljøet dei tre næraste åra, basert på denne strategiplanen
- Halda årsmøte/ekstraordinere årsmøte

2010

- Gjennomføra stiftingsmøte
- Etablera felles organisasjon
- Første produksjon



Bømloteateret



BØMLO MUSIKALLAUG

Strategiplan

Bømlo

- eit senter for scenekunst

Bømloteateret og Bømlo Musikallaug drøftar i lag korleis scenemiljøet på Bømlo kan utviklast vidare.

Desse har vore med i arbeidsgruppa:

Frå BML:

Linda Hellen, Nina M. Olsen, Bjørn Håvard Bjørklund

Frå Bømloteateret:

Kjell Olav Skaret, Johannes Hjelland, Johan Kr. Nesse

Koordinator: Finn Bakke

Mandatet for drøftingane var:

Drøfta ulike samarbeidsmodellar med føremål å:

- Styrkja interessa for scenemiljøet på Bømlo
- Styrkja tilbodet til alle ressurspersonane som ynskjer utfordringar innan scenekunst i Bømlo
- Styrkja samarbeidet mellom scenekunsten i Bømlo, Bømlo kommune og næringslivet
- Styrkja økonomien i scenekunsten i høve til offentleg tilskot/støtte og sponsorkoordinering



Visjon:

- Bømlo - eit senter for scenekunst

Målsetting

- Bømlo skal vera eit senter for scenekunst, ut frå kompetanse, kvalitet, breidde og engasjement
- Scenemiljøet på Bømlo skal skapa store opplevingar for publikum og for aktørar på og bak scena
- Aktiviteten i scenemiljøet skal gje utfordringar og framelska engasjement, talent og vilje hos barn, unge og vaksne, og kunne vera starten på karriere på eller bak scena
- Ivareta og vidareutvikla eigenart og tradisjon frå begge organisasjonane, og vera nyskapande og open for eksperimentell scenekunst
- Scenemiljøet skal vera samlande og inkluderande

Verdigrunnlag

Scenemiljøet på Bømlo skal vera tufta på:

- Breidde
 - o I tilbodet til aktørar i alle aldrar på og bak scena
 - o Tilbod til publikum i alle aldrar
 - o Rom for fleirkulturell aktivitet
- Kontinuitet
- Kvalitet og engasjement
- Kreativitet og nyskaping
- Inkludering og samhandling
- Ein sunn økonomi



Strategi:

- Samarbeid
 - o Søkja eit tett og langsiktig samarbeid med lokale kulturaktørar, særleg retta mot barn og unge.
 - o Etablera eit tettare samarbeid med kommune/fylkeskommune for å sikra kontinuitet i drifta
 - o Søkja eit tett og langsiktig samarbeid med store aktørar i næringsliv og det profesjonelle kulturliv
- Kompetanse
 - o Etablera ei fagleg sterk kunstnarleg og administrativ leiing
 - o Laga gode rutinar og vidareutvikla kompetanse om prosjektjobbing, - administrativt, kunstnarleg og økonomisk
- Rekruttering
 - o Rekruttera barn, unge og vaksne til sceneaktivitetane, og i tillegg engasjerte personar til leiarfunksjonar, og behalda desse ved å gje dei utfordringar
- Produksjon
 - o Satsa på stort mangfald i produksjonar på ulike scenar
 - o Arbeida etter ein langtidsplan som blir koordinert med andre kulturtilbod i kommunen
- Marknadsføring og informasjon
 - o Vera aktiv og nyskapande i profilering og marknadsføring av aktivitetane
 - o Gje god informasjon til alle medspelarar
- Vidareutvikla Teaterbanken Vest som ressurscenter for scenekunst, gjennom å:
 - o Gje bistand til manusbearbeiding, regi, kostyme, teknisk, rekvisita
 - o Leggja til rette for kompetanseutvikling